



Osterøy kommune
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 5764 3005

Osterøy kommune - godkjenning av søknad om kommunal garanti til Valestrand Hjellvik Fotballklubb

Osterøy heradsstyre har i møte 22.02.23, sak 09/23, gjort vedtak om å stille garanti for lån som Valestrand Hjellvik Fotballklubb ønskjer å ta opp til rehabilitering av kunstgrasbane på Furubakken idrettsplass. Garantisum inkluderer forskot av spelemidlar og momskompensasjon, og er avgrensa til kr 4 273 526.

Bakgrunn for vedtak

Valestrand Hjellvik FK fekk hausten 2021 utarbeida ein tilstandsrapport for dekket på Furubakken kunstgrasbane, gjennomført av anleggskonsulent frå Norges Fotballforbund. Denne viste at det var trong for utskifting av dekket etter mange års bruk, og at det måtte gjennomførast miljøtiltak for å hindre spreiling av gummi granulat, samtidig som dekket vart skifta.

Kommunen sitt vedtak

HS - vedtak:

Valestrand Hjellvik Fotballklubb får innvilga sin søknad om kommunalt tilskot til rehabilitering av den kommunale kunstgrasbana på Furubakken Idrettsplass, kroner 500.000,-.

Vidare får Valestrand Hjellvik Fotballklubb innvilga sin søknad om kommunal garanti på lån for denne rehabiliteringa, kroner 4 273 526, forutsett at garantien vert godkjent av departementet, jf. Kommunelova § 14-19 og Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner kapitel 1.

Det vert stilt som vilkår at søknaden om spelemidlar vert fornya årleg i tråd med regelverket. Det er ikkje eit krav at Valestrand Hjellvik Fotballklubb har fått tildeling av spelemidlar for at garantien skal vere gyldig

Lov og forskrift om kommunale garantiar

Kommuner og fylkeskommuner kan ikke stille kausjon eller annen økonomisk garanti for virksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv, hvis garantien innebærer en vesentlig økonomisk risiko eller er stilt for næringsvirksomhet. Et tilsagn om kausjon eller annen økonomisk garanti som en kommune eller fylkeskommune stiller for virksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv, er bare gyldig hvis vedtaket om å stille garantien er godkjent av departementet. Ved



godkjenningen skal departementet bare vurdere om garantien er i strid med første ledd eller forskrift gitt i medhold av denne paragrafen. Departementet kan ikke godkjenne garantier i strid med første ledd eller forskrift gitt i medhold av denne paragrafen. Er garantien godkjent av departementet, regnes den ikke som ugyldig, selv om den er i strid med første ledd eller forskrift gitt i medhold av denne paragrafen.

I forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar står det mellom anna om *krav til innhald i vedtak i § 2, og om avgrensing når det gjeld garantiens varigheit i § 3. Det er innbyggjartalet i kommunen 1. januar i året før garantivedtaket som avgjer kva som er beløpsgrensa for kommunen, sjå § 4.*

Vurdering

I vedtektene står det at idrettslaget er organisert og skal drive idrett i samsvar med føremåla til Norges idrettsforbund og olympiske og paraolympiske komité (NIF). Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. Dei driv derfor ikkje næringsverksemd, og overskot i laget skal gå inn som eigenkapital i idrettslaget.

Risikoen for kommunen er at Valestrand Hjellvik FK ikkje greier forpliktingane sine, og at drifta går med underskot eller blir avvikla. Budsjettet for 2023 viser eit overskot på kr 268 000, sjølv om renteutgiftene truleg vil bli høgare enn det som er innlagt i budsjettet.

Heradsstyret har i tillegg innvilga eit kommunalt tilskot til rehabiliteringa på kr 500 000.

Valestrand Hjellvik FK har hatt ein avtale om drift og vedlikehald av bana med Osterøy kommune sidan 2006. Bana fungerer også som skuleplass for Valestrand barneskule, og er eit anlegg som både fremjar folkehelsa i Valestrandsområdet og lek for skuleborna i friminutta.

Utbetaling av spelemidlar, momskompensasjon og gåver vil gå til nedbetaling av lånet.

Vedtak:

Statsforvaltaren godkjenner vedtaket til Osterøy heradsstyre i sak 09/23, i medhald av kommunelova § 14-19, 1. ledd.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Marit Lunde
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent